

Årsmelding for 2013 - Læringscenteret Gol Vaksenopplæring

OPPGÅVER OG AKTIVITETAR

Læringscenteret Gol har i løpet av 2013 bytta namn frå Læringscenteret Gol vaksenopplæring til **Læringscenteret Gol**. Vi har i 2013 gitt opplæring på 4 område samt at det er samarbeid med NAV om innhaldet i introduksjonsprogram for innvandrarak.

1. Opplæring for vaksne på grunnskulens område - Opplæringslova § 4A-1

Læringscenteret Gol gir grunnskuleopplæring for vaksne til dei som melder behov for slik opplæring. Det er inngått avtale om eit formalisert samarbeid med alle dei andre Hallingdals-kommunane om eit standardisert løp på 2 år som fører fram til avslutta grunnskule. Alle kommunane er likestilte partnerar i dette samarbeidet og deler kostnadene. Dei eksisterande avtalene vil bli vidareført.

Vedtak om opplæring etter §4A-1 kan også gjelde tiltak av mindre omfang, for eksempel forkurs til det ordinære grunnskuleløpet, opplæring i grunnleggjande ferdigheiter og undervisning som det tidlegare ble fatta vedtak om etter §4A-2.

Ved utgangen av 2012 var det 11 deltakarar i grunnskule for vaksne – delt på 2 grupper. I tillegg var det 5 deltakarar i innføringsgruppa (forkurset til grunnskuleløpet) pluss 5 deltakarar i opplæring som tidlegare ble gitt etter §4A-2. Timeforbruket ved utgangen av 2013 var 75,6 t/u = ca. 3,78 lærarstillingar.

2. Spesialundervisning - Opplæringslova § 4A-2.

Læringscenteret Gol gir tilbod om spesialundervisning for vaksne individuelt eller i gruppe, i samsvar med individuell opplæringsplan for den einkilde. Når ein deltakar ikkje kan gjøre seg nytte av den ordinære opplæringa som gis etter §4A-1, kan vedkommande ha rett til spesialundervisning etter §4A-2. Vedtak om slik opplæring fattast etter sakkunnig vurdering frå PPT.

I løpet av 2013 har det blitt færre vedtak etter §4A-2. Det er i staden gitt vedtak etter §4A-1 (sjå ovanfor).

Læringscenteret Gol administrerer logopedi og afasibehandling for vaksne og gjer avtale med HELFO om refusjon av utgiftene til behandling. Andre kommunar kan etter avtale kjøpe tenester på dette området av Læringscenteret Gol Vaksenopplæring.

Ved utgangen av 2013 var det 6 deltakarar i spesialundervisning etter §4A-2, 3 frå Gol og 3 frå andre kommunar som kjøper tenester. Gol kommune brukte 6 lærartimer (0,3 lærarstilling) og 12 assistenttimer (0,32 assistentstilling) ved årsskiftet på egne elevar.

3. Norsk med samfunnskunnskap - Lov om Norskopplæring for nyleg komne innvandrarak

Læringscenteret Gol gir tilbod om opplæring i norsk og samfunnskunnskap for alle innvandrarak, både til dei som har rett og plikt til 600 timer (busette flyktningar og familiesameinte) og dei som må betale (arbeidsinnvandrarak). Tilbodet tar sikte på at deltakarane kan gå opp til og bestå Norskprøven på rett nivå. Læringscenteret gir og tilbod om nettbasert opplæring for deltakarar på høgare nivå.

Alle innvandrarak i dei 4 nedre Hallingdals-kommunane får si opplæring på Læringscenteret etter avtale om eit formalisert samarbeid mellom Gol, Flå, Nes og Hemsedal om denne opplæringa. Læringscenteret søker om og mottar tilskot for alle dei 4 kommunane. Læringscenteret tilpassar undervisninga etter tilskotsmidlane. Den eksisterande avtalen vil bli vidareført.

Ved utgangen av 2013 var det ca. 85 deltakarar i norsk med samfunnskunnskap – delt på 7 ordinære grupper og nettgruppa. Timeforbruket var 137 t/u = ca. 6,85 lærarstillingar.

4. Norsk med samfunnskunnskap - for asylsøkjjarar

Asylsøkjjarar i mottak har og rett til norskopplæring – inntil 250 timar. Det er inngått avtale om formalisert samarbeid mellom Læringscenteret Gol og kommunane Nes og Hemsedal om å tilby norskopplæring til bebuarane i deira mottak. Læringscenteret søker om og mottar tilskota til denne opplæringa.

Handsamingstida for handsaming av asylsøknader har gått ned, men tida det tar å busette flyktningane er fortsatt lang. Mange av asylsøkjjarane skifter status til flyktningar med opphald, og da får dei rett og plikt til 600 timar. Ingen av gruppene frå mottaka er reine asylsøkjjargrupper, men ein kombinasjon. Ved utgangen av 2013 var det 6 mottaksgrupper med ca. 50 deltakarar. Deltakartalet endrar seg heile tida. Timeforbruket var 51 t/u = 2,4 lærarstillingar.

Punkt 3 og punkt 4 er hovudaktiviteten til Læringscenteret. Ca 76% av vår ressursbruk brukast på opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

5. Introduksjonsprogram for innvandrarar - Lov om introduksjonsordning

Alle busette flyktningar deltar på Introduksjonsprogram. Dei skal ved avslutninga av programmet ha nådd mål om norskopplæring. Elles skal dei vera i løna arbeid eller i kvalifiseringstiltak i regi av NAV-arbeid, eller ha byrja på vidare skulegang. Norskopplæringa er sjølvstøtt den viktigaste delen av introduksjonsprogrammet, men Læringscenteret samarbeider og med NAV om å skaffe språkpraksis plassar og om andre aktivitetar utanom norskopplæringa.

Det er tilsett ein koordinator i 60% stilling til dette formålet. Alle deltakarar på program mottar introduksjonsstønad, og dette blir dekt av integreringstilskotet.

6. Oppsummering oppgåver og aktivitetar

Elevtalet endrar seg gjennom året, spesielt i norskopplæringa. Fleire elevar har slutta i løpet av året. Nokon fordi dei har oppfylt plikta si på 600 timar, nokon fordi dei går opp til og består norskprøve og andre fordi dei har flytta. Nye søkjjarar blir kartlagt, og dersom det høver, tar vi dei inn i eksisterande grupper. Grupper går og i oppløysing av dei same årsakene, og det er normalt at 1 eller 2 grupper opprettast ved årsskiftet.

Spesielt elevtalet i mottaksgruppene kan endre seg fort av naturlege grunner. Utsiftinga i mottaka er kontinuerlig. Levetida til ei mottaksgruppe er normalt litt under eit år, men dersom elevtalet er lågt, kan ho gå i oppløysing.

Læringscenteret har og ein administrativ ressurs på 180% som er fordelt med 100% på rektor og 80% på inspektør. 40% av inspektørens stilling brukast til undervisning. Talet stillingsheimlar totalt er 15,1. Av dette låg forbruket ved årsskiftet på ca. 15. Det ligg an til ein auke frå hausten 2014 grunna endra status for mange av bebuarane i mottaka. Dei skifter status og får rett til 600 timar i tillegg til dei 250 timane dei har rett til som asylsøkjjarar. Dette er blitt påpeika av IMDI. Det vil vere rett å intensivere opplæringa deira, og da blir det eit auka time-volum.

ØKONOMI

Fordeling – lønsartar (alle tal i heile 1.000 kr):

| Hovudart: | Tekst: | R 2011 | R 2012 | Just B 2013 | R 2013 |
|-------------|------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| 10xxx | Løn inkl. sos. utg. | 10.484 | 11.391 | 9.619 | 9.884 |
| 11xxx-12xxx | Kjøp av varer og tenester | 1.354 | 889 | 1.292 | 1.189 |
| 13xxx | Kjøp av tenester | 3 | 390 | 2.570 | 1.733 |
| 14xxx | Tilskot og tilleggslyøvingar | 0 | 40 | - | - |
| | Sum driftsutg. | 11.841 | 12.710 | 13.481 | 12.806 |

| | | | | | |
|-------|---|---------------|----------------|---------------|----------------|
| 16xxx | Sals- og leigeinntekter | -374 | -375 | -200 | -518 |
| 17xxx | Refusjonar og tilskot | -9.440 | -10.086 | -9.614 | -10.124 |
| 18xxx | Overføringar frå andre | 0 | - | - | |
| | Sum driftsinnt. | -9.814 | -10.461 | -9.814 | -10.642 |
| 15xxx | Finansieringsinnt. (avsetning til fond) | 1.572 | 3.123 | 970 | 757 |
| 19xxx | Finansieringsinnt. (bruk av fond) | -584 | -2.402 | -1.637 | - |
| | NETTOUTG. | 3.015 | 2.970 | 3.000 | 2.921 |

Utvikling løn og sosiale utgifter korrigert for refusjonar sjukefråvær (alle tal i heile 1.000 kr):

| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|------------|-------|-------|-------|-------|--------|--------|-------|
| Netto-løn: | 5.045 | 5.413 | 6.095 | 8.412 | 10.117 | 10.986 | 9.869 |

Kommentar:

Lønsauken frå 2009 til 2010 skuldast at asylsøkjaropplæringa ble starta opp. Auken frå 2010 til 2011 skuldast utviding til 2 grunnskolegrupper. Ny lønsavtale i 2012 for undervisningspersonale førte til auka lønskostnader i 2012.

Staten setter krav til at kommunane må ha eit tilbod om ei introduksjonsordning for innvandrarak. Utgiftene blir finansiert av integreringstilskotet. Tala som gjeld løn for Læringsssenteret har inkludert løn til introduksjonsprogrammet. For 2013 er denne kostnaden flytta til NAVs budsjett. Det heng i hovudsak saman med at vedtak om introduksjonsprogram blir fatta av NAV og at når denne kostnaden har vært inkludert i nettoutgiftene for Læringsssenteret har dei vært «feil» høge. Samtidig har lønskostnadane gått noko opp grunna behov for større differensiering i heile grunnskulepakka. Med tilskota til norskopplæring og kostnadsdelinga på grunnskoleopplæringa har dette ikkje ført til noko særskilt auke i Læringsssenterets nettokostnader.

Bruken av fond er endra. Alle kostnader med unntak av dei det er naturleg å ha på eit visst nivå for grunnskuleopplæring og spesialundervisning, blir dekte av tilskota og refusjonskrava. Berre det overskytande etter kostnadsdekninga blir sett av til fond. Ingen beløp blir trekt frå fonda og rekna som inntekt. Gjennom heile 2013 har det vært viktig å skape eit mest mulig rett bilde av kostnadsnivået på dei ulike postane. Vi er i mål med det arbeidet no.

MÅL OG MÅLOPPNÅING 2013

Kalenderåret 2013 har vært det fyrste heile året med ny rektor (som begynte i stillinga 1.august 2012). Mål og tiltak for 2013 blei fylgd opp slik:

- Ny avtale om grunnskuleopplæring blei inngått. Den nye avtalen sikrar at vi kan starte opp 2 grunnskulegrupper kvar haust. Kostnadene med innføringsgruppa, og den nye gruppa som får opplæring i grunnleggjande ferdigheiter dekkast ikkje av avtalen.
- Prosjekt Ungdomsgruppe kom ikkje i gang. Søknaden om prosjektmiddel kom ikkje igjennom nålauget. Eit forsøk på å få i gang eit tilbod med berre ein dag i veka, finansiert med overskot frå tilskot til norskopplæring, kom heller ikkje i gang. Ingen interesse for tilbodet frå ungdomsskulene. Det skuldast sannsynlegvis fordi det berre var ein dag.

- Innhaldet i grunnskuletilbodet er nå avklart. Det har no ei breiare definisjon som fylgjer opplæringslovas formuleringar og intensjonar betre. Informasjonen om dette er blitt oppdatert på Gol kommune sine nettsider. Mellom anna blir noko opplæring som tidlegare blei gitt etter §4A-2 nå gitt etter §4A-1. Nye søknader er og utarbeidet. Med ein breiare definisjon blir og konsekvensen at tilbodet blir meir differensiert. Noko av dette må finansierast med overskot frå tilskotet til norskopplæring.
- Samarbeidet med Folkeuniversitetet Hallingdal har blitt fylgd opp ved at vi no lager ei felles kursannonse på våren.
- Undervisningstida etter lunsjpausen. Den er no mye betre organisert med 2 lærarar til stades heile tida, og elevanes arbeid har mye betre kvalitet. Dei er mye meir fokusert på arbeidet, og innsatsen er god.
- Personalet er i gang med å forbetre sin vurderingspraksis. Vi er med på Utdanningsdirektoratet sin satsing på **Vurdering for læring** og har sett i gang et lokalt utviklingsarbeid på det, som vil fortsette i skuleåret 2014-2015.

Ungdomsskulerektorane i Hallingdal har lenge hatt eit felles forum der dei møttest og samarbeider. Rektor v/Læringssenteret er nå med i dette forumet. Den naturlege grunnen er at Læringssenteret og har opplæring som fører frem mot avslutta grunnskule. Mellom anna organisering av eksamen er noko av dei tinga det er naturleg å samarbeide om.

Læringssenteret har no ein rådgivar. Det er ein lærar som har 1 time pr. veke avsett til dette arbeidet. Rådgivarfunksjonen gjør det mogleg å ivareta overgangen til vidaregåande skule mye betre for våre grunnskuleelevar.

NYE UTFORDRINGAR I 2014

Teneste/aktivitet

- Ny avtale om norskopplæring. Den gamle avtalen er frå 2010, og den er utdatert. Den må oppdaterast. Grunnprinsippa kan fortsatt ligge i botn, men på detalj-nivå må den oppdaterast.
- Det er nemnd tidlegare at grunnskuletilbodet er avklart. Men det må utviklast og kvalitets-sikrast. Læringssenteret går nye vegar, og tenestene opplæring i grunnleggjande ferdigheiter og realkompetansevurdering er nye for oss. Dei vil vere tema for drøfting og utprøving og meir utvikling.
- Introduksjons-programmet og organiseringa av den vil være tema for drøfting med NAV. Mellom anna har oppgåvene til flyktning-koordinatoren endra seg. Fordeling av oppgåver mellom Læringssenteret og NAV, budsjettering, samarbeid mellom kommunane vil vere blant tema som må drøftast.
- Ei særskilt utfordring ligg i det faktum at mange av dei som bor i mottaka ikkje lenger er asylsøkjjarar. Dei har fått opphaldsløyve, og med det har dei også fått rett og plikt til 600 timar opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Det har også ført til auka tilskot til Læringssenteret, og med det ei forplikting på å oppfylle rettane deira. Det betyr eit auka volum i talet på undervisningstimar, og behov for ei auke i tilsetjingar. Det blir heller ikkje lenger riktig å drive med rein «asylsøkjjar-opplæring». Bebruarane frå mottaka må i mye større grad gå i lag med «ordinære» elevar. Det blir ei utfordring å leggje ny timeplan med dette for auget, og kva for slags «regime» dei skal ha. Til no har det vært skilnad på det som har vært gjeldande for gruppene frå mottaka og dei andre gruppene. I budsjettet blir ansvars-området 3156 avvikla og overført til 3150. Det har ikkje lenger nokon hensikt å behalde 3156 som eige ansvarsområde.
- Norskprøvene. VOX har no tatt over ansvaret for prøvene, og dei får nå ei heilt ny form med digitale prøver på den skriftlege delen. Læringssenteret er no ikkje lenger sentral teststad for alle frå Hallingdal og Numedal, men kvar skule skal gjennomføre prøvene for sine elevar. Dette krev ny kompetanse hos

både lærarar og elevar, og det krev ei anna organisering. Arbeidet med desse endringane har allereie starta.

Kompetanse

- **Vurdering for læring.**

Dette er eit sentralt satsingsområde frå Utdanningsdirektoratet. Det handlar om å utvikle bruken av vurdering som ein reiskap for oppnå betre læring. Vi har starta arbeidet med dette, og det skal fortsette. Å endre praksis er ein prosess som tar tid, og vi skal behalde fokus på det. Eit resultat av å ha begynt på denne prosessen er at vi fant det naudsynt å utarbeide lokale læreplaner i faga i grunnskoleløpet.

- **Digital kompetanse** er sett i fokus hos VOX og Utdanningsdirektoratet. Det er aktuelt å vurdere innføring av ei læringsplattform på same måte som grunnskulen har hatt i mange år. Det er og aktuelt å vurdere eit heilt nytt system for registrering av elevar og føring av frammøte og fråvær. Vi har i mange år brukt eit heime-utvikla rekneark i Excel, og vi treng eit system som vi ikkje treng å bruke så mye tid på å administrere. Eit produkt frå VISMA er aktuelt å ta i bruk.

Bernt Fredus Kristiansen

Rektor, Læringscenteret Gol vaksenopplæring

Gol, 20. mars 2013